

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2015

Helsing frå Tofte

Side 2-4

Torill Moi

Side 11

Nordic Tenors

Side 23

Jærmessa

Side 34

Varhaug marken

Side 35



17. mai

Vilde Sundvor og Sanna Romvik
Foto: Jærbladet

Det er godt å vera pensjonist

Då Liv ringde meg og utfordra meg til å skriva om pensjonistlivet og tida i Hå trudde eg at eg skulle skriva i VIL bladet, eg kjende ikkje til Varhaugbuen. Det viser kor lenge det er sidan eg blei pensjonist. Takk for tilliten, det er godt å få bekrefta at ikkje alle meiner at eg er utgått på dato.

Sigrun, Øydis Maria, Bjarne og eg kom til Hå i november 1974. Me budde på Nærbø dei første åra. Med små barn og hund blei me mest opptatt av oss sjølve i fritida. Eg begynte i arbeid ved teknisk etat den 1. desember. Etaten var då nett flytta frå Nærbø. Dette medførte ein del tilpassings vanskar. I sum gjekk det godt. Vi blei fort ein gjeng som arbeidde for innbyggjarane i Hå sitt beste, slik vi vurderte det.

Eg var anleggsingeniør og blei kjend over heile kommunen. Odd Skjærpe var oppsynsmann og tidligare ordførar i Nærbø kommune, han fortalde meg både om folk og hendingar gjennom tidene.

På jobb gjekk vi ikkje etter klokka, då dei andre gjekk heim, kom teknisk sjef Moi inn på overingeniøren sitt kontor. Der gjekk vi gjennom dagens hendingar og morgondagens gjøremål.

Etter at vi flytta til Varhaug i mars 1979 og barna begynte på skulen og deltok i andre fritidsaktivitetar på idrettslaget, 4H osv. blei det mange utfordringar for foreldre.

Eg valde min plass i idrettslaget, der eg fekk vera med på mange hendingar som eg har med meg livet ut. Eg tenkjer då mest på anleggsutbygginga som grusbaner, trimløyper, tennisbaner og lagerhus m.m.

Det eg likevel hugsar best og tenkjer ofte på, er Sørlandscupen. Varhaugs gjengen var mest som ein familie, Rasmus Auestad og eg kom kvarandre nær. Som gode fedre meinte vi at det var dårlege dommarar, vi var alltid samstemte om det.

Eit idrettslag blir i stor grad drevet som ein kommune; med aktiviteter for medlemmene, skaffa pengar, føre rekneskap m.m. For meg som ordblind var dette ei god utfordring, eg måtte skriva. I mi tid på barneskulen blei ordblinde kalla dumme Eg er glad det ikkje er slik i dag. Det var vel ikkje mange lærarar som visste betre.

Ein avslappingstur for meg var ein tur på idrettsanlegget. Der fekk eg meg ein samtale med Marton med si kvasse tunge, noko eg ofte først forstod då eg var komen heim. Det hende eg gjekk og såg på garderobeanlegga, og det gleda meg like mykje kvar gong – eg opplevde aldri at det var skrevet på veggane.

Eg var varamedlem i styret i fleire periodar, og leiar i anleggskomiten. Eg var og leiar i anleggskomiten i Rogaland Idrettskrets (RIK), samt styremedlem.

Der fekk eg oppleva idrettens bakside. Eg var sjølv med på det og var feig då vi avsette organisasjonssjefen.

Kommunestyresalen blei som ei skulestova for meg. Eg hadde alltid vore samfunnsinteressert og som sakshandsamar blei vi oppfordra av rådmann Fagerli til gjera oss kjende med politikarane. At kommunestyret si sakshandsaming og diskusjonar har endra seg med tida er sikkert. Skulle ein etat kjøpa ein skrivemaskin var det ei kommunestyresak. Det blei og sagt mange minnerike setningar frå talarstolen: «Sei meg på namn så eg kan forsvare meg». Ved val av den første byggjekomiteen i kommunen var ei kvinne foreslått til vara-leiar. Då blei det sagt «tenk om leiaren dør». Denne kvinna blei vald og ved neste val blei ho leiar.

Ei gruppa i kommunestyret brøyt ut og danna eige kommunestyre. Dette blei NRK kjend med og kom og gjorde ei sak av hendinga.

Ved val av utbygningsområde var det stor usemje. Det stod mellom Bogsdalen og Stokkalandsmarkene. Det var diskusjon om habilitet for ein representant.

Kommunaldepartementet blei kontakta, svaret var at han var inhabil. Han gjekk frå plassen sin, men stilte seg opp ved sida av den største representanten i salen. Det blei røysta, men stemmetalet stemde ikkje. Det blei stemt kontra, men resultatet var det same. Det blei stemt i

fleire omgangar før ein oppdaga kva som hadde skjedd.

Ved tilsetjing av kultursekretær var det stor diskusjon. Ved andre gongs handsaming i kommunestyret var det ein representant som hadde kontakta ein annan kommune som hadde kultursekretær. Og han kunne opplysa at ei av oppgåvene var å lære dei unge å bevega seg etter rytmemusikk. Han ville røysta mot. Vegge, som då blei tilsett, la grunnlaget for det seinare kulturarbeidet i Hå.

I mi tid i Hå hadde me desse ordførarane:

Kjell Lund (2 gonger), Kåre Sandve, Rasmus Pollestad, Mindor Jelsa, Gabriel Rimestad, Ingvar Gausland, Tobias Skretting, Eldar Odland (2 gonger), Gunnar Siqveland og Terje Mjåtveit.

Eg er stolt over at på min

50-årsdag fekk eg 4 ordførare på vitjing, Odd Skjærpe, Gabriel Rimestad, Ingvar Gausland og Eldar Odland.

Som Hå-bu og Varhaug-innbyggjar blei eg kjend med mange, men vi hadde ikkje så mange nære venner. På Varhaug er det tette familieforhold og mange familiar, så det kan vera vanskeleg å koma inn i miljøet. Vi hadde og våre stillingar som sette grenser.

I august 1988 blei eg spurt om eg ville søkje på den ny-oppretta stillinga som miljøvernssjef som var statleg finansiert. Eg søkte og fekk stillinga, og tiltredde den 1. oktober. Eg skulle ha stillinga i 3 år, men blei i desse åra stadig beden av ordføraren frå AP om å fortsetja.

Mine tankar som miljøvernssjef var å få alle ut i naturen og visa dei kva vi hadde å by på og å ta vare på. Hå kommune var,

og kanskje er, den kommunen i Rogaland der det blei fiska mest laks og aure. Kommunen har og dei største restane av Arne Garborgs lyngheier samt ei fantastisk kystlinja. I mi tid som miljøvernssjef var det mange miljøvern-ministrar. Eg meiner at Thorbjørn Berntsen var den beste.

At eg fekk gjort så mykje i Hå er eg stolt av, men det heile hadde grunnlag og forankring i kommunestyret si haldning. Men det hadde hjulpet lite om ikkje grunneigarane hadde vore så positive; med deira velvilje kunne me nytta eigendomane deira til turstiar, både i heiane og langs kysten. Samarbeidet med fylkesmannen og fylkeskommunen var god, det same var samarbeidet med Jæren Friluftsråd. Pressedekkinga var etter nokre si meining for god.

At eg av SP blei foreslått som



Hå kommune sin kandidat til Rogaland fylkeskommune sin miljøvernpris 2004 og fekk den, det er eg stolt av. Eg set mindre pris på Miljøvisa som Varhaug revyen presenterte.

Da vi hadde eigedomar på Halsnøy var det tidlig bestemt at vi skulle flytta dit då vi blei pensjonistar. Så i mars 2006 reiste vi frå Varhaug. Det blei ein brå overgang då mobiltelefonen ikkje lenger ringde. Med ei tålig god helse har disse 10 åra gått fort. Vi starta med å hogge ut tømmer for å byggja om huset. Ca. 55m³ gjekk med, det blei mange tak før huset var i stand. Sigrun hadde ansvaret for malingsarbeidet og eg for byggjearbeidet. Ho hadde tidleg sett sluttdatoen på arbeidet ved å invitere kull-kollegaer frå sjukepleiarskulen til juni 2008.

Vi har nok å gjera med vedlikehald av hus, sjøhus, kaier, båtar, frukttre og 5 villsauar. Eg fiskar til husbruk, og høgdepunktet er hummarfiske til hausten - i år fekk eg 22

stk. Dette var i alle fall nok til den faste sjømat-festen vi har i forbindelse med villsau-slaktinga den første helga i oktober der me samlast heile familien på 10.

Vi reiser mykje, mest til Kanari-øyene men vi har og vore i India, Nepal, Russland, Spania blant anna og er i snitt borte 2 månader i året.

Eg vil avslutta med diktet som Kjell Lund leste til meg då eg vitja han på Stavanger sjukehus. Det vanlege var eit dikt av Arne Garborg, alt etter hukommelsen. Men denne gongen var det eit dikt av Olav H. Hauge som kjem frå Ulvik i Hardanger. Kvar gong Hauge gav ut eit dikt blei han sjuk på sinnet så han måtte leggjast inn på Valen sjukehus. Overlege Konrad Lunde såg noko stort i Hauge, så han gjorde ikkje inngrep som kunne skada han for framtida.

Kjell Lund som var ein kunnskapsrik mann kunne mange dikt, og dette diktet hadde han knytt opp til livet og personar.

KVARDAG

Dei store stormane
Har du attum deg.
Då spurde du ikkje
kvi du var til,
kvar du kom ifrå eller kvar du
gjekk,
du berre var i stormen,
var i elden.
Men det gjeng an å leva
i kvardagen òg,
den grå stille dagen,
setja potetor, raka lauv
og bera ris,
det er so mangt å tenkja på her i
verdi,
eit manneliv strekk ikkje til.
Etter strævet kan du steikja flesk
og lesa kinesiske vers.
Gamle Laertes skar klunger
og grov um fiketrei,
og let heltane slåst ved Troja.

Olav H. Hauge

Halsnøy den 16. mai 2015.

Takk for meg,
Egil S.

Gild konsert med Hananja på låven i Lensmannsløå

Kvelden starta med 4 flotte norske songar av koret og gode ord av Kristin. Både det ho sa og songen av koret vart formidla med stor glede. Så var det allsong saman med koret: «No livnar det i lunder», «Alle fugler små» og «Kom mai du skjønne milde», alle songar som passa godt nå i slutten av apri.

Så var det koret sin tur igjen, denne gongen både med norske og engelske songar, før me fekk syngja med i «Deg ære være».

Hananja hadde så 3 songar til, og då Margot tok for seg salme 121, vart kvelden heilt fullkomen for meg.

Takk Hananja for ei gild kveldsstund på låven. Dette kan de godt gjera ei anna gong og.

Takk og for kaffi og kjempegode kaker i søkk og kav. Ingen inngangsbillett, men høve til å gje noko ved utgangen.

Nok ein gong: Takk for ein gild kveld!

Liv



Unge dyktige songarar

Marie -Elise er 19 år og Maria Leonora 16 år, er ein av dei mest erfarne elevane ved Hå kulturskule. Dei har begge vore solistar i fleire av kulturskulen sine operaprojekt, vore på turne med Oslo Operafestival «Opera til folket» og har hatt ei rekke solo oppdrag mellom annan med Jæren Symfoniorkester. Marie-Elise studerer nå klassisk song med Elisabeth Norberg-Schulz som lærar ved UIS. Maria Leonora vann tredje pris ved den nasjonale finalen i Ungommens Musikkmeisterskap i år.

På konserten i «Løe-ståvå» 7. mai song dei kvar for seg og saman, og me fekk høyra flott musikk frå Haugtussa av Grieg/Garborg av begge. Maria Leonora song så både av Bellini og Puccini før

Marie-Elise tok for seg songar av Donozetti, Handel og Balcom . I tillegg til alt dette song dei saman frå Figaros Bryllup av Mozart og frå Hoffmanns eventyr av Offenbach.

Modig gjort av desse unge jentene å ha ein konsert heilt aleine, men dei både song og framførde songane på ein slik måte som om dette var noko dei gjorde dagleg. Skal verta gildt å fylgja med desse unge sopranane i åra som kjem. Det var som ei Varhaug dame sa etter konserten: «Eg skal koma til Italia når de skal syngja i operaen der»

Lukke til vidare begge to, og takk for ei gild oppleving med nydeleg song og musikk.

Liv



Frå redaksjonen

Så er 17. mai over. Dagen for meg starta med frokost på Frivil-ligsentralen i Hå kl.0800. Eg forsov meg, og sidan eg aldri klarer å få på meg heile bunaden utan hjelp, ordna Marta resten då eg kom til Nærbø. Der vart eg verande saman med gode vener til middagstid, før eg tok turen til Varhaug og Iden. Det var framleis godt med folk i i Hallen, som kosa seg med drøs og mat , og ute held dei tradisjonelle «onga-legene» på med stor iver. Høyrdet det hadde vore offer til dei jordskjelvramma i Nepal, med veldig godt resultat.

Etter kaffi og kake der, var det heim for avslapping og TV. Gildt og sjå på alle korps og 17.mai tog frå mange stader i landet. Som mor med ungar i korps i mange år, er eg veldig svak for denne musikken, og det skal ikkje mykje til før ei tåre kjem.

Dagen vart avslutta på Lensmannsløå, der det for første gong vart halde 17. mai fest, og her var både maten og underhaldninga god.

Veret, som alle hadde vore opp-tekne av dei siste dagane, vart ikkje som meldinga. Litt regn frå morgonen, men elles fint og sol, så paraplyen var mest ikkje i bruk. Truleg vart det ein fin og minnerik dag for dei fleste.

Liv



HURRA for 17. mai



Foto: Kristin Søyland



Varhaugbygda i endring

Eg tykte talen/kåseriet som Jonas Skrettingland hadde, på 17.mai festen i Lensmannsløa, var så bra at eg spurde om å få eit utdrag, slik at dei som ikkje var på festen og kunne få del i dette.

Sender her ein STOR TAKK til Jonas frå alle oss i Varhaugbuen.

Eg vil snakka litt om noko som forandrar seg i bygda vår.

Lesebøker før og nå

Skulen er ein viktig del av livet for dei fleste. Vi har minner derifrå. Sikkert mange gode, men like så sikkert ein del ubehagelege. Og nokre har rett og slett vonde minner. Då eg gjekk på skulen hadde vi ikkje lært ordet mobbing, men eg kan godt hugsa at det var elevar som vart egla. Vi får likevel tru at det er dei gode minna som har overvekt.

Lesing var ein viktig del av skulen. Då eg gjekk på skulen, fekk vi ein tekst å øva på heime, og så skulle vi lesa høgt på skulen. Gjerne eit lite avsnitt kvar. Heile klassen skulle fylgja med den stakkaren som måtte lesa, og alle måtte vera parat til å ta over om læraren skulle finna på å senda stafettpinnen vidare til ny lesar på kort varsel, gjerne midt i ein setning. Og om læraren registrerte at blikket gjekk ut gjennom vindauga, ut på Jon Mikkelsen som heldt på med eit eller anna ute i skulegarden, så kunne det plutseleg høyrast: Jonas! Etterfølgd av pinleg taushet. Eg ante ikkje kva avsnitt det vart lese frå, knapt nok kva side...

Men denne lesinga var meir enn berre leseøving. Det var

oppdragelse. Oppdragelse til samfunnet vi levde i.

Vi las Torbjørn Egner sine lesebøker. Det er kan hende at fleire enn eg hugsar Ola-Ola og dei andre det vert fortalt om.

I byen bur altså Petter og Kari. Og veslebroren Brumle. Dei bur i lag med mor og far som begge er malarar.


Men mor vil helst vera heime så lenge vesle Brumle er liten. Og han er berre 3 år. Petter og Kari handlar brød i nærbutikken der fru Monsen kjenner alle kundane og gjerne gir ungane eit kakestykke. Ungane reiser med trikk, for det er jo byen..

I nabolaget bur Marit. Ho bur åleine med mor si. Eg trur ikkje ho var med i den første utgåva av leseboka, men ho er komen inn i utgåva frå 1981. Her må mor arbeida på bensinstasjon som mekanikar. Veslejenta er heime åleine, men har naboar i etasjen over som har lover å sjå litt etter henne om føremiddagane.

I nyare lesebøker må vi rekna med at både Marit og Brumle går i barnehage frå dei er eitt år gamle....

På landet er det ikkje slik som i byen.

Her er familienettverket større. Ola-Ola har både morfar og farfar, og ettersom begge heiter



Ola, og begge ville vera oppkalla, måtte guten heita Ola-Ola. Ola-Ola har både sau og geit. Ein gong får sugga på Heia tretten grisungar, og den trettande er det me ville kalla ein skrelling. Då kjøper Ola-Ola ei tytteflaske og vert grise-eigar.

Slik var livet i byen og på landet.

Det var ikkje tvil om kven vi på Varhaug identifiserte oss med. Dette var lenge før Bryne bestemte seg for å verta by. Byen var Stavanger. Og slik er det vel ennå ...

Men Torbjørn Egner si lesebok vart forelda. For nokre veker sidan tok eg ein tur innom biblioteket på Universitetet for å sjå korleis lesebøkene ser ut i dag. Ungane må jo læra å lesa i dag og. Det kan ingen I-pad gjera for dei.

No er det ikkje lenger Petter og Kari som figurerer i lesebøkene. I den eg fann er det Leo og Samir. Samir er mørk. Då eg gjekk på skulen var det berre i Misjonstidende og Utsyn vi så slike gutar. Og då tenkte vi vel aldri at det var folk vi kom til å møta gjennom livet.

Eit lesestykkje i den nye leseboka fortel om ein ny elev i klassen. Det er Felipe frå Mexico.

Då eg gjekk på skulen, trur eg at det hende to gonger at det kom nye elevar til skulen på Varhaug. Ikkje til min klasse, rett nok, men til skulen. Livar i Gråstein flytte heim frå Sørlandet, og då kome det ein gut til parallellklassen. Og så var det ein familie til.

Den nye leseboka fortel om ein ganske annleis verkelegheit enn det vi les om hos Egner, sjølv om det er både vårvers og skogblomar i regler og rim. Ungane skal kjenna seg att i det dei les om. Og bøkene fortel om endringar.

Varhaug i endring

Ein 17. mai-tale må innom Eidsvoll, så difor tek vi steget tilbake dit før vi på ny går til Torbjørn Egner og vår tid. Sjølv om det var store ulikheter mellom høg og låg i 1814, og sjølv om det berre var ein liten brøkdel av folket (og då snakkar vi om mennene), som hadde stemmerett, var folket likevel ganske einsarta på anna vis. Det var nok få som heitte Samir eller Ahmed i landet i 1814. Det var få, om nokon som vende seg mot Mekka og brukte bønnematte 5 gonger om dagen.



§ 2 i grunnloven fortel om ein enhetskultur:

Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion. De Indvaanere, der bekjende sig til den, ere forpligtede til at oppdrage deres Børn i samme. Jesuiter og Munkeordener maae ikke taales.

Denne paragrafen er seinare forandra. I dag er den slik:

Verdigrunnlaget forblir vår kristne og humanistiske arv. Denne Grunnlov skal sikre demokratiet, rettsstaten og menneskerettighetene.

Norge endra seg heilt sikkert mykje ifrå 1814 og til eg les Torbjørn Egner på Varhaug skule i 1965. Men eg trur faktisk det har skjedd større endringar i dei 50 åra etterpå enn i dei 150 før.

Det vert fortalt at ein søndag Jon i Dubland heldt på å roa ned ungane til sundagskule på det nye Misjonshuset kom det ein guttunge springande inn: De må koma å sjå! Det er ein hedning borte med handelslaget! Salen var tom på eit blunk. Kven hadde

sett ein levande afrikanar før?

Samfunnet var oversikteleg på Varhaug i 1960-åra.

Dokteren og dyrlegen rekna vi med hadde litt meir pengar enn folk flest. Om presten hadde pengar tenkte vi lite på, men han var jo av eit anna slag enn dei andre vaksne. På Vigrestad var det nokre som stod i telefonkatalogen som fabrikkeigar og kjørde Mercedes, men eg kan ikkje heilt hugsa at det var slik på Varhaug. Skulestyrar Rannestad og lærarane hadde nok greie på litt andre ting enn folk flest. Dei var jo tilflyttarar, og dei var jo sjølv sagt litt annleis. Elles var det folket på gardane. Nokre på stasjonen stod på butikk eller arbeidde på fabrikk. Og der budde og lensmannsbetjentane og dei som eigde butikkane.

Dei på stasjonen reiste kanskje til Sørlandet på ferie, men dei hadde jo så lite å gjera. Dei gjekk jo helst og vasa heile dagane om sommaren.... Det var uaktuelt for oss på gardane å driva og reka på stasjonen. Vi tøygde det til å reisa på sommarleir til Årdal

i Ryfylke eller til Tonstadli. Slik var det verda fortona seg for ein guttunge på Odland.

Det hadde vore umogeleg å førestilla seg bygda og landet slik det er i dag. Vi har alltid hatt vid horisont her på Jæren. Mykje himmel og vid horisont. Men vi ante lite om kva som befant seg bakom den vide horisonten. Eg minnest godt at vi hadde ein leik med ungane på garden. Vi skulle nemna plassar vi hadde vore. Kunne vi nemna ein plass der dei andre ikkje hadde vore, fekk vi ta eit steg fram mot eldhusveggen, og første mann fram til veggen vann. Lenge var det mest eksotiske og fjerntliggjande trumfkortet mitt Svartevatn i Sirdalen. Og no i vinter reiste eg til Amerika berre for å gå eit skirenn.....

Eg har naboar frå Burundi i Afrika, frå Chile i Sør-Amerika og Litauen i det som var Sovjetunionen i 1965. Og så har eg ein nabo frå Trøndelag, og ein frå Husvegg... Svogeren min er frå Etiopia. Kven skulle tru dette då eg starta på skulen? Den gongen var det slik at vi same 18 som starta i 1B på Varhaug skule gjekk ut som 6B i 1970. Då skulle vi til Vigrestad på ungdomsskulen og utvida horisonten.

Ja sanneleg er det forandringar!

Vårt forhold til desse endringane

Kva skal vi ta vare på i alle forandringane?

Politikarane våre har samla seg om noko. Det er dette som er nedfelt i § 2 i grunnlova:

Verdigrunnlaget forblir vår

kristne og humanistiske arv. Denne Grunnlov skal sikre **demokratiet, rettsstaten og menneskerettighetene**.

Vi feirer grunnlova i dag.

Vi feirer ikkje Norge slik det eingong var.

Vi feier ikkje oss sjølv slik vi eingong var.

Vi feirer demokratiet.

Vi vart lei av Jens Stoltenberg som statsministar, og då fekk vi lov til å prøva Erna Solberg. Skulle vi verta lei av henne og hennar regjering, får vi lov til å velja ei anna! Som folk får vi bestemma. Det er eit godt system, verdt å markera.

Vi feirer rettsstaten.

Tenk å kunna stola på at om noko skulle skje, kan du rekna med at ein rettsinstans og ein dommar vil prøva så langt dei kan å finna ut kven som har rett og ikkje. Då ei eg kjende på Madagaskar skulle møta i retten i ei tvistesak, fekk ho klar beskjed frå dei som kjende systemet: Du treng ikkje prøva deg. Det må smurning til om dette skal gå din veg!

Vi meiner oss å ha ein rettsstat. Det er verdt feiring.

Vi feirer menneskerettighetane.

Det gjekk ei stund før det gjekk opp for oss at alle menneske har visse rettigheter.

Kyrkje og bedehus, vert ofte kritisert for ei haldning som seier: *Kom som du er, men du må bli som oss!* Det er sikkert heilt rett at det i mange og ulike samanhengar er eit sterkt press om å oppføra seg likt og å tenkja

likt. Når vi er eit samfunn i forandring kan det vera lurt å tenkja litt på korleis folk vert møtte.

Vi har vorte eit mangfaldig samfunn. Bortimor kvar 5. barn i barnehage her i Hå har eit namn som ikkje endar på –land, eller –stad, eller –sen. Eller for å seia det slik: eit utanlandsk-klingande namn.

Å vera Varhaug-bu er ikkje lenger noko eintydig.

Eg trur ikkje at vi har vorte eit fattigare samfunn av den grunn.

På skulen song vi songen «Noen barn er brune».

Poenget var at forskjellen låg utanpå.

Men det er slett ikkje sant at «inni er vi like».

Vi har svært så ulike verdier og vanar.

Poenget kan ikkje vera å tru at vi er like. Det er å bedra oss sjølv og å vi står i fare for å gjera andre urett.

Poenget må vera å akseptera at folk er ulike, og så respektera den ulikheten som ei positiv utfordring.

Vi har vorte eit mangfaldig samfunn. Det er og ein rikdom.



Torill Moi

Jon Harald ringde meg ein dag, og fortalde at dotter til Seval Moi, som bur i same gata som han, var heime frå Amerika og skulle ha foredrag på Hå Gamle Prestegard. Torill er jo ein tidlegare Varhaugbu, så henne burde eg få tak i. Eg måtte jo lyda Jon Harald.

Seval kjente eg frå tida han var teknisk sjef i kommunen, men det var og alt. Då eg ikkje møtte Torill i telefonen ved dei to første forsøka, la eg siste nummer av Varhaugbuen i postkassa til Seval med påskrift til Torill: «Vil du skriva litt om deg sjølv, slik at eg kan få det med i Varhaugbuen» Gjorde avtale om eit møte 18. mai kl. 10.30, og då fekk eg både bilete av henne og faren + mykje stoff. Nå gjeld det berre å få det meste av dette på plass.

Torill er fødd i Farsund i 1953, og kom til Bryne for å gå på gymnaset hausten 1968, då ho berre var 14 ½ år. Der budde ho på hybel i nabohuset til Melkebaren. Sommaren 1969, vart Seval tilsett som teknisk sjef i Hå kommune, og Torill kunne flytta heim til Varhaug. Men siste året på gymnaset, bar det tilbake til hybellivet på Bryne. Torill, og fleire andre, var ganske radikale og bestemte seg tidleg for ikkje å vera russ. Det var berre noko tøys.

På gymnaset hadde ho lektor Tryggeseid i fransk, og han var så inspirerende at ho bestemte seg for at dette var eit språk ho ville læra meir om. Frå haus-



ten 1971 vart det Unisiversitetet i Bergen der ho studerte fransk, spansk og litteraturvitenskap, og i 76 hadde ho fått seg Cand.mag. i alle desse faga . I 1980 vart det Mag.art. og 1985 Dr.art i litteraturvitenskap. I studietida reiste ho mykje til både Frankrike og Spania for å praktisera språka.

Seinare budde og jobba Torill ti år i Oxford og universitetet der, før ho kom heim til universitetet i Bergen igjen eit par års tid. Så bar det til Duke University i Durham, North Carolina, der ho har vore dei siste 25 åra. Torill har motteke både heider og prisar for arbeidet sitt innan litteratur. I 2005, fekk Seval, som ein kjempestolt far, vera med då Torill vart heidra vedd universitet i Stavanger.

Torill ga ut den første boka i 1985 «Sextual/Textual Politics», og denne boka er oversett til minst eit dusin språk. Seinare har det vorte mange bøker. Som ung fattig student dreiv ho med omsetting av bøker til fleire språk. Innan bokverda har Torill og fått prisar.

Torill har gjennom åra vore heime hos foreldra ca 4 gonger for året, og då mora vart sjuk og døydde for 2 år sidan var ho mykje på Varhaug.

Nå passa det slik at ho kunne koma til Varhaug for å vitja faren, Seval, og samstundes feira 17. mai på Varhaug. Torill har og nytta fritida til å ta ein

tur på Kongeveien frå Bodle til fyret på Obrestad, og tilbake igjen. Ho har nå ein pause frå ein lang førelesningsturne, som starta på universitet i Wien 5. mai. Ho hadde foredrag på Hå gamle 12. mai «Om å bli gammel»:Tanker om livets endelighet hos Henrik Ibsen og Simone de Beauvoir, der nærare 100 var møtt fram.

Når Torill nå reiser frå Varhaug denne gongen, skal ho først førelesa på Litteraturhuset i Oslo. Så skal ho til Finland og undervisa ved eit forskarkurs på universitet i Åbo. Ho skal halda plenumsførelesing på ein konferanse i Tallin i Estland, førelesa i Uppsala og i Berlin, før ho reiser heim til North Carolina der ho håpar å verta ferdig med skrivearbeidet på ei ny akademisk bok i sommar. Og dette vert nok ikkje den siste boka.

For ei dame, og for nokre fantastiske år der ho heile tida har utvikla seg og nådd nye høgder i det som, nok eg føler, har vorte Torill sin livsstil. Og som dame må eg nok nå finna fram noko av det ho har skrive, for mykje handlar om kvinner i ulike settingar. Torill har og spalter i Morgonbladet, så det skulle ikkje vera vanskeleg. Og elles finn ein mykje på nettet

Takk Torill for at du tok deg tid til litt drøs, og gjorde at me i Varhaug fekk verta kjent med ein Litteratur proffessor.

Liv

Lerbrekk skule



Torsdag 12. mars 2015 yngste leiar Sigbjørn Varhaug alle velkomne. Det hadde møtt fram 45 personar til årsmøtet.

Til innleiing song me songen «Å vesle lerka» og “Dei gamle fjell i syningom“ til tonefylgje av kapellmeister Brit Obrestad på orgel. Eva Hegre fekk så overta podiet og les frå siga diktsamling fleire små dikt.

Før årsmøtesakene song me «Til den stad eg er på vandring». Sigbjørn les så opp ei fyldig og gild årsmelding, som bli einstemt godkjent. Me er nå 153 medlemmer i vennelaget, så det er me glade for. Huset vert flittig brukt, og det har vore 2527 personer som har skreve seg i gjesteboka. Vennelaget hadde kafé då Odd Dubland hadde måleriutstilling 22. – 24. august, Kunst og Kult hadde salsutstilling i oktober, og Tore Line hadde maleriutstilling nå i mars. Elles har me hatt vanleg sundagskafé. Me har sjølv hatt gaudafest, juletreffest og grillkveld. Huset har vore utleigd til forskjellige føremål 48 gonger. Huset blir leigd til barnedåp, konfirmasjon, selskap, minnesamvær, konsert, årsmøte, sumarmøte osv., for private, organisasjonar og firma. Vaskegjengen har hatt storvask på vindaug og elles, og dei har vore samla til lefsebaking i oktober. Vaskegjengen gjer ein kjempejobb, og fekk ekstra takk.

Brit Obrestad gjekk gjennom rekneskapet som viste kr 34.965,- i overskot, og dette blei einstemt godkjent.

Leiar i valnemnda, Odd Varhaug fekk så ordet for valet, og det gjekk greit og raskt unna.

Alle som var på val, tok attval, og alle blei einstemt valt. Styret er då likt som i fjor.

Sigbjørn Varhaug, leiar, kasserer Brit Obrestad, Inger Haugstad rekretær, og styremedlemer Oddvar Ånestad og Dag Varhaug. Varamedlemmer Ingunn Reiestad og Oddvar Varhaug.

Revisorar Ingvar Reiestad og Øystein Bratland. Valnemnd Odd Varhaug, Svanhild Varhaug og Eirik J. Varhaug.

Sigbjørn Varhaug har vore leiar heilt frå vennelaget blei planlagt, så han har vore i 20 år. Han fekk ekstra takk for den fantastiske innsatsen han gjer.

Så blei scenen overlaten til søskena Reime som song eit potpurri av gamle skulesongar, som «No livnar det i lundar», «Blåmann, blåmann bukken min», «Fola, fola blakken», «Kjerringa med staven», «Alle fuglar», «Eg gjekk meg over sjø og land», «Per spelemann», «Mellom bakkar og berg» og «Pål sine høner. Eit gildt gjenhøyr med kjende skuleskatter. Etterpå song med «Den fyrste song eg høyra fekk» som allsong.

Så var det tid for matøkt, med gode påsmurte brødsiver, lefse og fine marsipankaker for å markera at den midtre skulestova er 150 år i år. Åresal høyrer og med til tradisjonen på årsmøte, og mange fine gevinstar fekk ny eigar.

Så var det tid for Lisabeth Risa som skulle kåsera over «Skulen i gamle dagar» og spesielt gardar og bruk i krinsen som høyrde til Varhaug krins i 1865 då skulen blei bygt. Foredragshaldar snakka om innhaldet i skulen både før og etter 1865, organisering av skulen frå då presten og var lærar og hadde ansvaret for skulen. Ikkje alle var like nøgde då omgangsskulen tok slutt, og det blei bestemt at skulen skulle halde til i faste skulebygg. Dette blei dyrare og førte til meir arbeid for dei som sokna til skulen, så det var ikkje like velkome hos alle. Vask og fyring gjekk på omgang.

Eit interessant føredag, som nok var spesielt spanande for oss «gamle Varhaugbuar». Lisabeth Risa fekk fine blommar for interessant føredrag.

Eldar Reime fekk så på seg hatten og stemde i med trekkspilet. Dei song «I den stille klar morgen», «Amazing Graze» og «Fly lille fugl». Dei fekk roser for fin song.

Eva Hegre fekk så ordet igjen, og las enkle fine dikt, både frå boka si og nyare dikt. «Orden og struktur», «klart eg har» og eit dikt lyda: «Fri frå, eller fri te». Også diktlesar fekk overrekk blommar.

Til slutt song me alle «Gud signe Noregs land» før Sigbjørn ynskte alle vel heim og takka for frammøte nok ein gong.

Inger Haugstad

Jubileumsfeiring

20. Juni vil styret invitere til jubileumsfeiring, - for «nye» Varhaugbuen er no blitt 10 år.

Vi vil sette fokus på frivillig innsats i lag og foreiningar og som enkeltpersoner. Lag og foreiningar blir invitert til å komme med 4 personar kvar.

Programmet vil vere todelt, seminar på føremiddagen og festmiddag på kvelden,- alt vil vere på Varhaug Misjonshus.

Som talarar har me ordfører Mons Skrettingland, rådmann Anne Berit Berge Ims som vil snakke om «Randaberg – den grønne landsbyen», det vert kåseri av Sjur Håland og mykje anna.

Hovedforedrag vil vere av Tom Åge Myhren, og det har tittel:

«LivsKraftige Lokalsamfunn»
(- Om LærlingsLiv, NæringsLiv, FrivilligLiv og KulturLiv)

Vi gler oss til dette.

Tom Åge Myhren har tittel livsgnister!



Egen presentasjon:

Jeg er født i 1965, og oppvokst langs Præstvægen i Ringsaker. Jeg har levd et liv i skjæringspunktet mellom praktisk håndverk, lydteknikk, kulturarbeid – og arbeid med og for mennesker. Styrken min er nok at jeg svært lett kan få idèer og tanker som åpenbart er der i oss alle, men på en pussig måte får jeg det ut nokså greit.

Dette har ført til at min jobb er blitt min livsstil – eller er det helt motsatt?. Mitt talent og mine interesser har ført meg til en situasjon hvor jeg jobber selvstendig med det jeg til en hver tid er mest opptatt av, og noe av det står seg over tid har det vist seg.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkellubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Styremedlem

Aud Bratland Bø, bygdekvinnelaget

Styremedlem

Olav Varhaug, Bygdeungdomslaget

Varamedlem

Kjartan Aanestad, skulekorpset

Varamedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit ”kjennemerke” for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*”Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymseleknad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grennd ”*



Program for Varhaugmarken 5. og 6. juni

FREDAG 5. juni

- 16.00 Årets marken er i gang
17.00 Offisiell åpning av marken v/ordfører Mons Skrettingland
17.30 «Ongaløpet»
18.30 Zumba Kids - Zumba
19.00 Kulturskolen
20.00 Marken stenger for dagen
20.00 Fredagsteltet for de over 18 år åpner v/VIL

LØRDAG 6. juni

- 08.30 Gratis frokost i sentrum
09.00 Marken er i gang
09.00 Jærbelgen spiller opp
09.30 Kulturskolen
10.00 Minikonsert med lovsanggruppa, Varhaug misjonshus
10.30 Oppvisning Grit og Corebar
11.00 Varhaug skulemusikkorps og Vigrestad Brassband
11.45 Kulturskolen
12.30 Start Varhaugmilå
13.30 Utspørring av ordførerkandidatene i Hå
14.00 Auksjon fra scenen
15.00 Varhaugmarken slutt for i år
- Det blir salg av grillmat, wook, lapper, flatbrød, potetkaker
 - Hoppeslott v/ Stuelandsbygget
 - Loppemarked i Lensmannsløa v/ Varhaug Skulemusikkorps og Kultur i Løa
 - Pizzabakeriet har Markentilbud på pizza



(Arkivbilde)

Lars Gaute Sport
sport 1

Varhaug - Tlf. 51 43 28 80
Nærbø - Tlf. 51 43 43 10
Sandnes - Tlf. 51 66 98 00

Varhaug
Park & Hage

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

HÅ
HÅ REGNSKAP AS
Autorisert regnskapsførerselskap

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING
ÅNESTAD
MASKINSTASJON
Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

R.SKRETTING A.S



Fylkesleir 2015

Torsdag 25. - søndag 28. juni blir det fylkesleir på Brusand i Hå kommune.

I år er det 4H-nemnda i Hå som inviterer til Fylkesleir saman med 4H Rogaland. Dette betyr at det er engasjerte 4H-arar frå Solglimt, Svala, Sjøglimt og Vigre 4H som står på for at 150 ungdomar frå heile Rogaland skal få en fin og trygg leir.

På programmet står volleyballturnering, aspirantleir, grilling, Kongetun-konkurranse, bli-kjent aktiviteter, tunsjefmøte, pizza på grill, underholdning, natursti, miljøtorg, morgonsamling, kunstdag med maling og keramikk, idrettsdag med klatring, lasagne, Jærmuseet, geocaching, golf, fotografering og sykurs.

Fredag fra klokka 1500 - 1900 kan foreldre og andre koma for å besøke leiren. Foruten leirlivet vil de oppleve ulike 4H-aktiviteter. I kiosken kan ein kjøpe både godteri og pølse.

Fra fredag klokka 1500 til lørdag klokka 1300 vil 4H-nemnda i Hå også invitere aspirantene i kommunen til leir. Ungdommer fra Vigre 4H har tatt ansvaret for å organisere denne delen av arrangementet. De har alle "Vi lager leir" eller "Aspirantleiaren" I oppgave dette året.

Frå Svala vil det reisa nærare 20 ungdomar på leir. For å få til ein slik leir, trengst det mange gode hjelparar. Me i Svala har møtt ein overveldande positive instilling frå våre støttespelarar, og me vil nytta høvet til å takka dei gode hjelparane:

- SI-bygg
- JLS mekaniske
- AH Bygg
- Felleskjøpet Rogaland Agder, avd Varhaug
- Jærentreprenør
- Lars Gaute Sport
- Ole G. Nord-Varhaug & CO AS

Styrevervskurs og årsmøte i 4H Rogaland

6.-8. februar reiste det 4 stk frå styret + Kristin Søyland som reiste som klubbbrådgjevar. Kurset var 6.-8. februar i nedre Vats i Vindafjord kommune. Dei kursa som me i frå klubben var med på var nyvalt leiar/nestleiar, kasserar og styremedlem. Denne helga var knallkjekk dersom du som går i 4H nå og kanskje skal inn i styret anbefalar eg deg til å vera med på dette.

Me måtte også ha med to representantar frå klubben på årsmøtet med stemmerett det var Tobias Aanestad og

Caroline Matningsdal Mæland. Dei to andre ifrå styret Helle Skretting og Birgitte Omland var med på møtet men utan stemmerett.

Dette skriv eg som min klubbaktivitet fordi eg har valt ein oppgave som går ut på å informera bygda om 4H klubben. Eg valte denne oppgava sidan eg er nestleiar i klubben passar det fint med ein oppgave som har med arbeid i styret å gjera.

Tobias Aanestad



Storkurs

20.-22. mars deltok 440 4H-ara frå Rogaland på storkur i Bjerkreim. I Svala 4H var me 8 stykk pluss ein vaksen. Det var 35 forskjellige kurs. Dei frå Svala var med på oljemaling, fotograf, revy og hårfletting. På lørdagskvelden viste me fram alt det vi hadde gjort og laga. Dei på hårfletting viste fram fletter. Dei som var på oljemaling viste fram maleria. Dei som var på revy viste fram ein revy for oss. Fotografane hadde ein film av alle bildene dei hadde tatt.

Caroline Matningsdal Mæland.

Nytt frå Hå karateklubb



Seminar og gradering i Wrocklaw, Polen:

20. og 21. mars reiste 7 av klubbens medlemmer til Polen for å delta på seminar, konkurranse og Magnar Lode skulle også prøve seg på 1. grad dan (svart belte). Lørdagen deltok to av klubbens medlemmer i konkurranser uten å oppnå plassering. Søndag deltok alle i ulike seminarer og deretter var det klart for gradering for "svartbelter". Ca 30 stk skulle gradere seg og de fleste bestod. Magnar Lode gjennomførte graderingen "med glans" og Hå Karateklubb har dermed fått sitt første medlem med svart belte.

Klubbmesterskap:

Lørdag 18. april hadde vi klubbmesterskap. 47 av klubbens medlemmer deltok. De fleste av de voksne medlemmene var først dommere i barneklassene og så stilte de som utøvere på matta etterpå. Mange gode enkeltprestasjoner og et engasjert publikum bidro til at dette ble en flott dag. Alle som deltok fikk medalje, diplom og rose. I tillegg delte vi ut 4 "ekstra" premier til de som dommerne syntes hadde en ekstra god innsats på matta.

Stor takk til Varhaug Idrettslag som vi igjen fikk låne lokaler fra.

Styret i Hå Karateklubb.



Varhaug Sykkelklubb

Simon Odland i godt driv under Spinnsprinten i slutten av april. (Foto: Kleng Stokdal)

Rittsesongen 2015 er godt i gang, og i de neste månedene er det ritt nesten hver helg. Flere VSKere har allerede deltatt i flere av dem, med gode resultater. Lørdag 13. juni er det igjen tid for Nordsjørittet, med mange påmeldte fra Varhaug. Rittet går jo som kjent gjennom Varhaug sentrum, og her er det ekstra motiverende når publikum heier rytterne fram. Håper på like godt oppmøte i år som tidligere år! Dere er gode!

Klubben arrangerte klubbkveld på Spinn Bryne for noen uker siden, hvor medlemmene som møtte opp fikk gode tilbud i butikken og lærte seg noen mekketips. Bra tilbakemeldinger gjør at vi planlegger flere slike kvelder i framtida!

Varhaugmarken nærmer seg, og VSK vil være tilstede med egen stand. Her



inviteres alle til en sykkelrøs, konkurranser med flotte premier og kanskje melde seg inn i klubben! ☺ Vi gleder oss til helga i juni.

Sjekk ut www.varhaugsk.no, her legger vi ut info om rittene som VSKerne deltar i. Du kan selvsagt også bli medlem (200 kr) via disse sidene.

KULLSYREMASKIN FRA AGA



499,-

ny patron
269,-
bytte av patron
149,-

**KJØP
KAFFIAVTALE
PÅ VÅR
STASJON**

KR 199,-



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

Hå skulesjakk

Skulesjakken er i full gang fortsatt på Varhaug og Vigrestad.

På Vigrestad spiller me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 på "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen. På Varhaug spiller me no på tysdagar kl 1730 – 1845, og spelestad er «stadlen» på lensmannsløa. Frå hausten vert det ein annan dag, sidan ungdomsklubben i Løa vil flytte til tysdag.

På klubben spiller me mykje, har litt visning på stort sjakkbrett, og mange er ivrige med å ta merker. I 2015 er det 7 som har gjort ferdig Bronsespringa-

ren, og 2 har gjort Sølvspringaren og 3 har gjort ferdig den vanskelege Gullspringaren!

Fleire av klubbmedlemmane har deltatt på andre turneringar i Rogaland så vel som i Kristiansand,- og dei har gjort det svært så bra.

Klubben har hatt to store arrangement, Håmeisterskapen 7. mars og KM i sjakk for skulelag, som var på Varhaug Misjonshus 21. mars. Foreldre til medlemmene stilte opp på dugnad, og hadde med kaker og anna. Sjå referat frå desse arrangementa ein annan plass i bladet.



Hå skulesjakk arrangerte KM i sjakk for skulelag laurdag 21. mars på Varhaug Misjonshus. Me hadde hatt eit KM individuelt tidlegare, og då var det rekorddeltaking. Også denne gongen vart det ny rekord, 51 skulelag var påmeldt (4 på kvart lag), og med 27 reservar var antal spelarar 231!. Og med dei kom ein mengd foreldre, søsken og vener.

Denne gongen var også vidaregåande skuler inviterte, men det vart berre 1 VGS-lag. For barneskulelag og lag frå ungdomsskuler gjeld KM som kvalifisering til NM, som gjekk i Moss 17-19. april.


Det var styret i Hå skulesjakk og foreldre til gutane som er med i Hå skulesjakk som sto for det praktiske med mat og arrangement. Og leiarar frå RSSU tok seg av sjølve turneringa,- alt var vellykka,- og fleire sa at det bare var på Varhaug at det vart servert risgraut som mat! Turneringa ga eit godt økonomisk overskot.

Frå Hå deltok 4 lag i barneskuleklassen (Vigre, Varhaug1 og Varhaug2 og Vigrestad) medan me i ungdomsskuleklassen hadde lag frå Varhaug Ungdomsskule.

No er det starta sjakk for vaksne på Vigrestad torsdagar kl 1900 på Vigrestad etter skulesjakken, vil du vere med så ta kontakt på mob 92617652. Men det har ikkje tatt heilt av, slik at me ikkje har starta opp Hå sjakkklubb enno.

På Varhaugmarken 5-6 juni vil Hå skulesjakk ordne med ei utesjakkturnering, dersom Hå kommune sine store sjakkbrikker dukkar opp igjen,- ser ut til at dei er søkk borte no.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Dette året var det rekorddeltaking, 20 gutar i «mesterklassen» og 16 gutar i nybegynnarklassen».

Før dei starta med speling av 6 partier kvar, var det leit kvarter med tips og triks og regler. Start var kl 10, og ca kl 12 var det mat, pizza og brus. Det gjekk ned på høykant. For foreldra hadde me eit enkelt årsmøte der årsmelding og rekneskap blei lagt fram. Styret vart gjenvalgt.

Alle skulane i Hå var inviterte til å kome med unge sjakkspelarar, og det var gutar frå Vigre skule, Varhaug skule, Varhaug ungdomsskule, Vigrestad storskule, Bø skule, Nærbø ungdomsskule, Ognå skule, «British International School» i Stavanger og Stangeland skule.

I mesterklassen vann Ruurd Kuipers for tredje gong,- og dermed gjekk den store vandrepokalen (sponsa av Vigre-

stad Coop BA) til British International School! Neste år må me få ein ny stor vandrepokal for mesterklassen.

I nybegynnerklassen vart vinnar Ørjan Lerbekk, og dermed vert vandrepokalen ståande på Rosseland skule i eit år.

Her er resultata frå turneringa:

Nr	Mesterklassen navn	Reultat	Nr	Nybegynnerklasse navn	Resultat
1	Ruurd Kuipers	6	1	Ørjan Lerbekk	5
2	Steffen Dybing Thune	5	2	Kiadsakda Sitthisri	5
3	Oskar Feed Jakobsen	4,5	3	Ritthikiad Sitthisri	4
4	Simon Auklend	4	4	Erik Haugstad Aarsland	4
4	Sven Tobias Ueland	4	5	Aleksander Voll	3,5
6	Filip Aarsland	3,5	5	Ola Askeland	3,5
6	Roar Sola	3,5	5	Knut Morten Skrettingland	3,5
6	Mads Even Hobberstad	3,5	5	Sigve Kydland	3,5
9	Kacper Cwiklo	3	9	Sondre Risdal	3
9	Bård Kydland	3	10	Thomas Auestad	2,5
9	Asle Kydland	3	10	Imam Amiri	2,5
9	Josef Auklend	3	12	David Pettersen	2
9	Kristian Varhaug	3	12	Brian Vigre	2
14	Simen Johansen	2	14	Filip Natanael Bøe	1,5
14	Aslak Moland	2	14	William Ben Nilsen	1,5
14	Arvid Feed Jakobsen	2	16	Ådne Kristiansen	1
17	Livar Vigre	1,5			
18	Kristian Gramstad	1,5			
19	Adrian Svendsen	1			
19	Mats Halvorsen	1			

Dikt

I løpet av dette skuleåret har elevane på 7. trinn ved Varhaug skule arbeidd med tekstproduksjon. Dei har mellom anna laga brev, invitasjon, grøssarforteljing, sjølvbiografi, forteljing og dikt. I slutten av skuleåret vil kvar einskild elev ha produsert så mange tekstar at dei skal trykkast til ei lita bok. Dette blir eit lite minne om kva dei har laga i løpet av skuleåret. I perioden då elevane arbeidde med å skriva dikt, viste det seg at trinnet hadde fleire gode poetar. Kanskje vil me få gleda av å sjå meir frå desse poetane, og me gler oss over å kunne få lov til å vera dei fyrste som publiserer noko frå dei.

Storm

Sterk og ustoppeleg
Den lager kaos og
øydeleggjar alt i deira sikte
Gjer meg redd
Storm
Laga av
Johan Høbberstad Sandsbråten

Meg

meg er meg
eg er meg
eg liker å vere meg.
Laga av *Espen Sola*

Å skrive dikt er ein plikt

Når du skriv dikt
Bør du ikkje ver kvikk
Viss du er kvikk
bør du følge din plikt
Men viss din plikt ikkje er smart
Er du sikker veldig lat
Laga av *Ingeborg Stueland*

Fantasi

Fantasien har ingen grenser
Men det er det ingen som enser
For det er du som setter det på spill
Og da kan du gjera som du vil
For det er en ny verden
Du bestemmer over hele ferden.
Laga av *Regine Varhaug*

Nordic Tenors i Lensmannsløå 28. juni

Vi er stolte av å presentere: "An evening with Nordic Tenors." Trioen som i 2006 fikk komiprisen er ofte sett på langt større scener i hele vårt langstrakte land. Dette er en happening i Lensmannsløå du ikke bør gå glipp av! Konserten finner sted i Lensmannsløå søndag 28. juni kl. 19.00. Billetter fås kjøpt hos Mix Bø'en Storkiosk.

Nordic Tenors kombinerer utsøkt kunstnerisk kvalitet med humor, dans og musikalske overraskelser. I 2005 hadde de premiere på sitt første show Nordic Tenors & Sjur Hjeltnes/Bella Notte. Året etter fikk de komiprisen som «årets nykommer». Etter dette har de vært kongelige toastmaster for HMK Harald i 2007, de åpnet den nye operaen i Bjørvika i 2008, og i 2009 hadde de premiere på Nytt

Show i Bergen og utgav sin første CD «Live at Logen». 2010 ble de nominert til Komiprisen for «Årets nummer». Nå reiser de rundt med showet «An evening with Nordic Tenors» og jubileumsforestillingen «Ten years with Nordic Tenors». De er og på juleturné, og deres julekonserter har etablert seg som en av Norges mest besøkte juleturnéer



Roald Haarr, vår lokale stjerne fra Haarr

Hva får man når man blander en operasanger, bondesønn og finansmann, jo Roald. Hvor mange liter Roald har melket opp gjennom årene er uvisst, men han har båret nok melkespann til å bli nummer tre i vektløfting – dog som tolvåring. Som guttunge drømte han om puddelrockhår og høye toner på scenen. Det ble med det siste, og godt er det. Som yngstemann i søskenflokket måtte Roald kjempe om ordet. Kanskje er det derfor han synger opera? Roald liker allsidighet og kobler gjerne av på fotballbanen, kjører fjernstyrt helikopter eller tar seg en tur på motorsykkelen.

Sveinung Hølmekbakk

Sveinung er gruppens lysluggede Pytagoras. Han liker tall, langsiktighet, nøkternhet og kan kunsten å holde hodet kaldt, men han liker ikke kalde poteter. Bak grillen finnes neppe hans likemann. Han lever sunt, men sier ikke nei takk til en liten kakebit. Han er nysgjerrig av natur og alltid i humør til å utforske nye steder, fenomen og fergeruter. Ellers kan det nevnes at han har en forkjærlighet for Russland, og at han vel egentlig aldri hadde tenkt å bli danser.

Jan-Tore Saltnes

Selv om Jan-Tore er eldstemann på laget, blir han oftest tatt for å være yngst. Om det skyldes hans sug etter Hockeypulver og brettspill eller hans ungdommelige overmote, skal være usagt. Hjernene hans har mange fascinerende irrganger og arbeider til enhver tid med noe. Han er rask til å komme med kreative løsninger på ethvert problem. Han er glad i å tegne, særlig karikaturer, og han er den eneste i gruppa som har gjort et seriøst forsøk på å spare til langt hår. Problemet er bare at Jan-Tores hår ikke blir langt – det blir stort.

Velkommen til konsert!
Kultur i Løå,
Vennelaget for Lensmannsgarden.



Nytt frå Misjonshuset

Misjonshuset er no snart i sommar-modus, dvs pause i møteveker og barnehagar og sundagsskule og korøvninger.

Dette året hadde 17.mai to opne arrangement,- nasjonalfesten på misjonshuset og kultursamling på Lensmannsløa. Rekner med at det skulle vere nok folk til at begge desse samlingane hadde godt oppmøte.

I fjor var det 899 større og mindre arrangement på misjonshuset,- så det vert mykje brukt og det krevst omfattande vedlikehald. No hadde me vaskedugnad rett før konfirmasjonane.

På kjøkkenet er det for lengst installert steamer,- og med den er det grei sak å varme opp ein stor mengd med pizza på eit blunk. Den har vore i bruk sidan julemessene og var ein etterlengta forbetring av kjøkkenet.

Elles pleier det vere trekning om lag 1.mai av kven som får ha konfirmasjon året etter. Men for 2016 er det ingen som har tinga konfirmasjon på Misjonshuset. Så skal de som les dette har konfirmasjon neste år, så er det ledig på Misjonshuset.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på nettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no.

no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Eg gjer merksam på kontortida på misjonshuset måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er no berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå nettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, post-adresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Grillkveld på Lerbrekk

Me held på tradisjonen og lagar til grillkveld **torsdag 6. august 2015 kl. 18.00.**

Agnes m/fleire deltek med musikk. Det vert sal av grillmat.

Kaffi og kaker vert det også. Ta med stol.

Alle er hjarteleg velkomne til ein gilde kveld.

Helsing Styret



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 -15

Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. Sft-bank)



www.stuelandbygget.no

Me støttar opp om Varhaugmarken.

Varhaug skulemusikkorps

Varhaug skulemusikkorps:

Kjartan Aanestad - fungerande leiar og nestleiar

Lene Lerbrekk - materialforvaltar

Tone Hovland - kasserar

Mary Ueland - korpsrepresentant

Ikkje heilt enkelt å finna folk til styret med så få musikanter i korpset. Dirigenten er den same som har vore med dei siste åra: Lars Ole Bergersen. Han gjer ein kjempejobb for og med alle i korpset. Kvifor er det ikkje fleire som vil være med oss? Me har det så kuuuuult.

Skjølv om det var mykje speling 17. mai, så tek ikkje korpset ferie heilt ennå. Me skal som vanleg vera med under Varhaugmarken første helga i juni. Det er alltid gildt, og det ser me fram til. Korpset skal korkje på langtur eller festival i år, men me skal slutta av sesongen med ein kosetur til Stavanger ei helg.

Korpset er og i samarbeid med Kultur i Løå arrangerer av Loppemarked under Varhaug Marken lørdag 6. juni frå kl. 10.00-15.00



Varhaug Bygdekvinnelag

Kalenderen viser nå mai og det er tid for info til Bygdebladet, tycker nå ikke det er så lenge sidan sist---tida går jammen fort.

Dette år er et jubileumsår, Varhaug Bygdekvinnelag har tilbakelagt 80 år, d.v.s. det startet som Varhaug Bondekvinnelag men blei seinare døypt om til Bygdekvinnelag - eit lag for heile bygda.

Vi har ikkje så mykje aktiviteter før sommaren- turen til **Tysnesøy 28. mai** står for tur, den er helt fullbooket, 50 stk. --- dette var kjekt!

På Varhaugdagane i juni stiller vi med «takke» og lap-perøre---

Ellers så slapper vi av med gåtur og trim---og som dokke ser av bilde så var **gågruppa i Låglia** en mandag---da med kaffi oppi ryggsekk ---og veret var kjempe heilt til vi kom tilbake til bilane--- då kom pøssregn . Mandag 1. juni er planen å gå Månafossen og inn til friluftsgården **Mån**---har du lyst å være med er det bare å stille opp på Iden kl. 9.30 med ryggsekk og mat--- verforbehold. **Tirsdag 16. juni** avslutter trimmen for sesongen –Sissel arrangerer tur som avslutning--- men vi i gåjengen held på året rundt utan stopp--- bare kom å ver med!

27. august starte vi opp med den tradisjonelle basaren og da kjem Turid Skår på besøk--- Turid har hatt oppveksten sin på Varhaug men flytta til Setesdalen som ung--- ho vil fortelja frå barndommen og kanskje hennar opplevelse av basar i den tida---ellers vert jo» Agnes og dei» med- **24. september** er det årsmøte---programmet var klart-

men avbud kom nett---- arbeider med saken.

29. oktober markerer vi 80 år --Rådmann Anne Berit Berge Ims vert med oss, også Sjur Håland--- og ordføraren skal vi invitere---men kven???--- sett av dagen og kom i 85 års-markering!

26. november er det adventsmøte---da kjem Liv Klær og gaver og viser julekolleksjon og pynt til julebord. Ellers så er vi i Bygdekvinnelaget til stades for bygda---er det nokon som har innspell, forslag---er vi i styret takk-nemlige --- vil så ynskja alle ein fin og god sommar--- veret ingen hindring---det er vi som fyller dagane.

Oddbjørg



Låglia



17. mai fest i Lensmannsløå

Ute vaia dei norske flagga og ynskte oss velkommen, og inne var det fint pynta både i vindaugo og bord med flagg og grønt, så her var det tydeleg klart for 17. mai fest.

Nærare 80 festkleddedamer og menn hadde funne vegen til denne jærsk kulturkvelden i høve 17. mai

Kvelden starta med Eva Hegre som las egne dikt. Desse er ganske korte, og det er mykje ein kan kjenna seg igjen i. Så fekk me kåseri/tale av Jonas Skrettingland, som hadde henta fram ting frå skuletida i tillegg til tankar kring grunnlova. Eg har høyrte Jonas ha kåseri/tale før, og han var kjempegod og i kveld.

Etter ein pause med løe-suppe og brød, og kaffi og kaker for dei som orka det, var Eva tilbake med nye dikt. Så var det klart for konserten med Jærrock. Det var lenge sidan eg hadde høyrte dei, og kanskje var dei endå betre nå?

Då solisten, Asgaut Steinnes, slutta av med Arne Garborg sitt mørke fastland og songen om Jæren, vart kvelden for meg ein topp avslutning på 17. mai 2015.

Takk til vennelaget for Lensmannsgarden for eit gildt opplegg, og ein særleg takk til Kari og Lars Nor-Varhaug, som har vore i bresjen for denne kvelden.

Tykte dette var så vellukka, at det vert vel liknande 17.mai kveld neste år og? Liv

Husk

23/6: Jonsokfeiring NB: Klokken 17:30

Planlagte arrangement datoer i høst: 20/8 - 17/9 - 22/10

Elgane motorsykkelklubb



Nå går det igjen mot ein sommar full av fart og spenning!

6 og 7 arrangerer Elgane Motorsykkelklubb første NM runden i motocross. Det er 8. Året me kjører igang NM runden. Det blir garantert fartsfylt og mykje kjekt å sjå – for liten og for stor. Til dette løpet kjem heile norgeseliten, så det er vel verdt å få med seg.

Elgane sjølve har fleire aktive kjørere, men få av desse kjører NM. Men klubben har fleire som kjører lokale stevner og mange andre som berre driv med trening for «jillt».

Når det gjelder speedway er det og fleire aktive kjørere, som kjører både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Et par av våre kjørere representerer og utenlandske klubber. Det er jo veldig bra, då får dei større konkurranse og bedre treningsmiljø.

Det er fleire lovende kjørere i dei tre forskjellige klassene, 50 cc, 85 cc og 500 cc.



Me håper selvfølgelig at de stiller opp å for å heie på disse sterke kjørerne i alle grenene!

Sidevognslaget har gjennomført årets første konkurranse på Dall banen utenfor Ålborg. Resultatet ble en 8 plass og 35 poeng i Nordisk Cup for Classic Sidevogn.

Dette er de planlagte arrangement på Elgane fremover:

6-7 juni:	Motocross Norgesmesterskap 1 runde
20 juni:	Speedway NM individuelt
30 juni:	Klubb mesterskap
25 juli:	Speedway Elgane Open
30 august:	Speedway Liga 1 div 500 ccm
5-6 september:	Motocross Vestlandsmesterskap

Fyll gjerne med på heimesiden til Elgane på www.elga-nemk.no for mer info.

Og ikkje minst, vi håper på å sjå deg på Elgane!



Er du interessert i fotografering?

Vi skrev forrige gang at vi håpet at det var interesse for en fotoklubb på Varhaug. Og ja, det er det. Varhaug Fotoklubb har p.t. 15 medlemmer og håper at ved denne artikkel og venneverving at vi kan komme opp i 20-25 medlemmer. Vi har sett at mange medlemmer som kommer har vært engstelig for om de holder et høyt nok nivå, men det tror jeg at de har fått et avslappet forhold til etter å ha besøkt oss. Det er her vi skal komme å få inspirasjon og her er det mange som villig deler av sin kunnskap. La ikke nåværende ferdigheter stoppe deg i å komme å se om dette kan være noe for deg.

Her på siden kan du se noen av bildene fra forrige møte, hvor temaet var «Vår».

Vi har allerede avholdt 3 møter og førstkomende møte, mandag den 1. juni skal vi øve på å ta stilleben bilder med våre egne kameraer. I august skal vi ha fellestur for å ta naturbilder.

Opplegget for møtekveldene er preget av en uformell tone og vi har faglige temaer, utstilling og kritikk av medlemmenes bilder. I den forbindelse så kårer vi de 3 beste bildene i kategori Svart/hvit, Farge og digitalt. Disse vil senere bli utstilt i Stuelandbygget. Kanskje

de også burde vært tatt inn i Varhaugbuen?

Ellers i år så kan vi nevne at vi får kamera og utstyrsanbefalinger fra lokal fotohandler, Norsk Biofoto besøker oss og forteller om sin landsdekkende klubb. I tillegg til at vi sikkert lager en workshop om bildelagring og bildebehandling.

For Varhaug Fotoklubb

Ingvald Aase



Siste nytt frå Varhaug Bygdeungdomslag



Lørdag 9.mai arrangerte me TRT(Traktor, Redskap og Tryggleik) tevling.

9 deltakarar hadde møtt opp for å tevla i vedlikehold, lastsikring, teori, sirkelkjøring, vende grind, flytting av paller med pallegaffel og rygging på plank.

Me starta med samla teori prøve, etter dette spredte deltakarane seg rundt på dei forskjellige postane.

Etter eit par timar med tevling var grillen fyrst opp og tevlarane fekk litt mat etter den gode innsatsen.

Framover skal me bl.a arrangera fylkesstevne på Elgane 19-21 juni, med tevlinger og andre aktivitetar på dagane og konsert med Silo & saft på lørdagskvelden.

Styret i Varhaug BU



LOPPEMARKED PÅ LÅVEN i Lensmannsløa på Varhaug!

Lørdag 6.juni 2015 fra 10:00-14:00.

Me samlar inn lopper og treng ditt bidrag i form av fine, salgbare saker!

Andre kan ha stor glede av ting og tang som du ikkje lenger har plass til!

Lopper kan leveras ved Lensmannsløa på desse datoane:

Mandag 1. juni, onsdag 3. juni og fredag 5. juni, alle dager frå kl 18:00-20:00.

Henting av lopper:

Me kan hente heime hos deg mellom 1. og 5. juni. På strekninga Nærbø-Vigrestad er prisen 200 kroner pr. biltilhengar.

Me set stor pris på om du sorterer loppene før du set dei ut/leverer dei inn.

Eksempel: Klær for seg, koppar og kar for seg, bøker for seg, og så vidare.

På forhånd takk for hjelpa.

Me kan **ikkje** ta ikke imot kvitevarer, gammaldagse TV, gamle bildekk, eller eldre skiutstyr.

Husk at det du gir skal kunne seljast.

Du kan melde inn lopper/saker som skal hentast til:

Kari Nord-Varhaug, mobil 97 51 74 71, epost: kari.nord-varhaug@hotmail.com

Eller ta kontakt om du ha spørsmål!

**Loppemarkedet er eit samarbeid mellom
Varhaug Skulemusikkorps og Kultur i Løa.**



Bondelaget

16. april hadde me medlemsmøte i Lensmannsløa, der den så kalla «frerbanden» var og informerte litt om kva hensikten med besøket var. Peder Skåre frå Landkreditt snakka om vilkåra i banken og NAV snakka om arbeidspraksis i samarbeid med bonden.

Det var godt frammøte, og me kosa oss med pizza (sponsa av Landkreditt) i tillegg brus, kaffi og tvist.

Ja, så er jordbruksavtalen vel i hamn, med eit heilt greitt resultat.

Nå er me langt uti mai, men varmen let venta på seg. Tenker det er fleire bønder som «står og trippar»; dei ville så gjerne vorte ferdig med vårvinna. Men ting ordnar seg nok i år og.

Bondelag og bygdekvinnelag har planar om ein felles sykkelturn i næraste framtid. Meir info kjem etter kvart.

Til sist vil eg på vegne av Varhaug bondelag ynskja alle ein fantastisk sommar og ein rike slått.

Lenita Salte

Mødeplassen

Her held Turid, Britt og Solvor fram med kortspel og bingo på måndag og Kirsten med seniordans på tysdag.

Her kjem eit hjartesukk når det gjelder måndag, håper fleire vil støtta opp om bingoen. Det er gjengen frå Vigrestad som gjer at det i det heile vert noko bingo. Det må vel finnast fleire på

Varhaug som kunne vore med oss i ei sosial, og av og til, ganske spanande stund ein måndag ettermiddag?

Er det andre ting de meiner det er behov for på Varhaug, og som me kunne nytta Mødeplassen til, så ta kontakt med Liv.

Jærtreffet 2015

Takka det gode samarbeidet mellom Jærbelgen og Varhaug idrettslag, vert Jærtreffet arrangert for fjerde år på rad, og dagane er **18. 19 og 20. september.**

Opplegget vert som tidlegare år, og merk dykk datoen alt nå. Meir info i neste nummer av Varhaugbuen.

Årsmøte for Varhaugbuen

Årsmøtet for 2014 var halde i Lensmannsløa 13. april, der Jon Harald Håland opna møtet og ynskta alle velkomen. Han vart og valt til møteiar, og gjekk gjennom sakene som alle vart godkjende. Det var ingen innkomne saker

Kven som vart valde i styret, kan du sjå i oppsettet «Varhaugbuen» på side ?

Etter årsmøtet var det ei matøkt med snitter, kake, kaffi og brus. Jon Harald orienterte om planane for 10 års jubileet for Varhaugbuen som vert 20 juni med 2 delar. På føremiddagen foredrag og visjonar og gruppearbeid, og om kvelden festmiddag med kåseri. (Sjå meir om dette opplegget annan stad i bladet)



25% på lagerført småutstyr og håndkle i forbindelse med Varhaugmarken.

Gjelder til og med mandag 8 juni.



Møllevien 2-4 - Varhaug - Tlf. 51 77 14 70

JÆR MESSA

28. - 30. august 2015



Du kan bare begynna å gleda deg til Jærmessa! Me har eit rikholdig program og kan tilby blant anna: Unge Spor med Kardemommeby! Populær forestilling med dei kjente folka og dyra frå Kardemomme by. Tante Sofie er nok like streng som vanleg, og du må sjå opp for dei tre røvarane. Er du heldig får du vera med trikkefører Syversen på trikken.

Ku-auksjon

Tradisjonen tro vert det ku-auksjon på fredagen.

Strongmen

Me får show og konkurranse blant sterke menn – og damer? Få i deg tran og havregryn, så kan du kanskje vera

med og visa musklar!

Hå Kulturtorg

Familieunderholdning med utdrag frå forestillinga Circus Vaudeville, gjøglande flamingoar og meir til.

Slakting

Veit ungane dine kor kjøtet kjem i frå? Her kan dei få sjå slakteprosessen under ordna forhold.

Hå Brannvesen og Nærbø Røde Kors

Lyst å prøva deg på røykdykking? Kom!

Og, og, og:

Kunst- og håndverksutstilling. Hesteridning. Klatrevegg. Bruskasseklat-

ring. Fotballkamp. Steinkiling. Stort dyretelt.

Som sagt: Det er bare å gleda seg.



Varhaugmarken og samarbeid



Hå kommune sin visjon og «logo» er at me løfter i lag. Lurer på om det er dette Kent i COOP Extra og Gordon hos Spar har tenkt på? Dei har nemleg slått seg saman om ei felles stand i felles telt under Marken. Dei driv til vanleg matbutikk i kvar sin ende av sentrum, men under Marken vil dei arbeida saman. Varhaugmarken er eit felles prosjekt, seier dei to, me vil setja fokus på ungane og på folk i bygda. Me vil ha felles konkurransar under Marken med premiering og gratis is til ungane. Begge butikkane fører Fjordland sine produkt, og desse vil det verta smaksprøver av. I tillegg vil dei prøva å få smaksprøver frå lokale produsentar.

Varhaugbuen «applauderar» tiltaket, og har alt starta gleda seg til Varhaugmarken 2015.

Kent og Gordon skal og koma med varer som skal auksjonerast bort denne helga.

Liv



Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
23. august

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.





- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.


FARGERIKE

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

MCA
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

MCA
CAR SERVICE